

Vedtekter for Partiet Sentrum

§ 1 Føremål

Partiet Sentrum byggjer sin politikk på vedtekne menneskerettar og FN's bærekraftsmål. Partiet Sentrum er eit blokkuavhengig og livssynsøpe parti.

§ 2 Medlemskap

Alle som er over 13 år, støttar partiet sitt føremål, sluttar seg til partiet sin vedtekne tillitsavtale og ikkje er medlem i anna parti kan bli medlemmer i Partiet Sentrum.

Medlemskap gjeld frå betalt kontingent og ein har stemmerett i partiet sine organ fire veker etter betalt kontingent. Medlemskap er gyldig så lenge kontingent er betalt og vedkomande ikkje har meldt seg ut. Medlemmer som ikkje har betalt kontingent ved utgangen av året vil bli oppfatta som passivt utmelde og medlemskapet vil bli sletta.

Medlemskap blir organisert gjennom lokallaget og fylkeslaget der vedkomande bur. Dersom det ikkje er oppretta lokal- eller fylkeslag i det aktuelle området, blir medlemskapet organisert på nivået over (fylke eller nasjonalt). Eit medlem kan i spesielle tilfelle også søkja sentralstyret om å få vera tilknytta anna lokal- eller fylkeslag enn der vedkomande bur

Medlemskontingent og fordeling av denne mellom ulike ledd i organisasjonen blir vedteke av landsmøtet.

§ 3 Tillitsverv

Det er kun medlemmer i partiet som kan veljast til tillitsverv. Alle tillitsvalde og folkevalde for Partiet Sentrum er forplikta på og skal arbeida for partiet sitt føremål og verdiplattform. Eit medlem kan reservera seg mot enkeltpunkt i verdiplattform eller stortingsvalprogram som går på tvers av eigen overbevisning. Ein slik reservasjon må gjerast gjeldande seinast ein månad etter at programmet er vedteke og vedkomande må orientera nominasjons-/valnemnd om dette før ein aksepterer nominasjon/val. Alle medlemmer i partiet pliktar også å retta seg etter partiet sine vedtekne retningslinjer og tillitsavtale.

Alle organ og utval i partiet skal, så langt som mogeleg, ha maksimalt 50% representasjon av eitt kjønn. Tilsvarande skal ein i partiet sine organ i størst mogeleg grad ta i bruk det mangfaldet som me alle er ein del av i samfunnet.

§ 4 Organisasjon

Partiet Sentrum blir utgjort av medlemmer organisert i lokallag, fylkeslag og partiet sin nasjonale organisasjon. Bydelslag i Oslo kan organiserast som lokallag. I tillegg er den sjølvstendige organisasjonen Unge Sentrum tilknytt Partiet Sentrum, gjennom særskilt samarbeidsavtale og med dei representasjonar som går fram av §§ 7-10. Innanfor organisasjonen oppnemner landsstyret ulike nettverk, med tilhøyrande mandat og leiing. Desse nettverka arbeider sjølvstendig og deltek elles i partiet sitt arbeid med representasjon der det er tematisk naturleg.

§ 5 Lokallag

Eit lokallag må ha minst tre medlemmer. Lokallaget vedtek sine egne vedtekter og desse må godkjennast av fylkesstyret. §§ 1-3, 5 og 11 i Vedtekter for Partiet Sentrum må imidlertid under alle omstende gjelda for alle lokallag. Dersom lokallag ikkje har vedteke egne vedtekter, gjeld normalvedtekter for lokallag i Partiet sentrum, vedtekne av landsstyret.

§ 6 Fylkeslag

Fylkeslaget sine medlemmer er partiet sine medlemmer som er busette i fylket, uavhengig av om dei er medlemmer i eit lokallag. Fylkeslaget vedtek sine egne vedtekter og desse må godkjennast av sentralstyret. §§ 1-3, 5, 6 og 11 i Vedtekter for Partiet Sentrum må imidlertid under alle omstende gjelda for alle fylkeslag. Dersom fylkeslag ikkje har vedteke egne vedtekter, gjeld normalvedtekter for fylkeslag i Partiet Sentrum, vedtekne av landsstyret. Fylkeslaget kan vedta egne reglar for representasjon frå lokallaga til fylkesårsmøte og nominasjonsmøte, i tillegg til ordningar for nominasjonsprosessar.

§ 7 Sentralstyret

Sentralstyret leier og er ansvarlege for verksemda til partiet mellom landsstyremøta og er partiet sitt utøvande organ. Sentralstyret har ansvaret for at vedtak frå landsstyret blir følgde opp, leier det organisasjonsmessige og politiske arbeidet, oppnemner utval og forvaltar partiet sin økonomi i tråd med budsjett og retningslinjer frå landsstyret. Leiar og generalsekretær har signaturrett, kvar for seg.

Sentralstyret tilset generalsekretær, vedtek bemanningsstruktur og stillingsheimlar.

Sentralstyret i Partiet Sentrum er samansett av

1. Leiar og to nestleiarar, valde av landsmøtet
2. 6 styremedlemmer, valde av landsmøtet
3. Leiar i Unge Sentrum
4. Leiar av stortingsgruppa

Generalsekretær møter i sentralstyret med tale- og forslagsrett.

Dei 9 landsmøtevalde medlemene av sentralstyret blir valde for 2 år om gongen.

Landsmøtet vel 4 varamedlemmer for dei 9 faste sentralstyremedlemene. Nestleiarane i Unge sentrum og stortingsgruppa er varamedlemmer for sine leiarar. Dersom desse er valde medlemmer av sentralstyret, vel Unge sentrum/stortingsgruppa egne varamedlemmer.

Ved fråfall av leiar, vel landsstyret ny leiar blant nestleiarane. Ved fråfall av nestleiar vel landsstyret ny nestleiar blant sentralstyret sine medlemmer. Ved velferdspermisjon for leiar eller nestleiarar, vedtek landsstyret ei midlertidig ordning for partileinga.

Sentralstyret bør ha møte minst 5 gonger i året eller så ofte som leiar finn det naudsynt, evt når minst 4 medlemmer av styret krev det. Sentralstyret er vedtaksført når minst 6 av dei røysteføre er til stades. Ved røystelikskap har leiar dobbeltrøyst.

§ 8 Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet behandlar saker som er delegert frå landsstyret eller sentralstyret, i tillegg til saker som har ein slik hastegrad at det ikkje kan venta til neste eller ekstraordinært sentralstyremøte. Sistnemnde skal alltid refererast særskilt til sentralstyret ved første høve.

Arbeidsutvalet er samansett av leiar, dei to nestleiarane, leiar i stortingsgruppa og leiar av Unge Sentrum. Generalsekretær møter i arbeidsutvalet med tale- og forslagsrett.

§ 9 Landsstyret

Landsstyret er Partiet Sentrum sitt øverste organ i periodane mellom landsmøta. Landsstyret skal behandla meldingar frå sentralstyret og stortingsgruppa om den organisatoriske og politiske verksemda til partiet, i tillegg til saker som sentralstyret legg fram. Landsstyret skal også godkjenna revidert rekneskap og vedta budsjett for partiet, inklusive kontingent. I god tid før kvart stortingsval vel landsstyret ein programkomite, som utarbeider eit utkast til stortingsvalprogram for stortingsperioden. Landsstyret skal også vedta prosess for utarbeiding av stortingsvalprogram for komande stortingsperiode, inklusive fristar og høyring. Landsstyret vedtek innstilling til programvedtak i landsmøtet.

Landsstyret er samansett av

1. Sentralstyret
2. Fylkesleiarane, evt ein representant som fylkesstyret vel som representant til landsstyret frå det aktuelle fylket
3. 2 representantar frå Unge sentrum
4. 2 representantar frå stortingsgruppa
5. Leiar av sametingsgruppa til Partiet Sentrum

Generalsekretær møter i landsstyret med tale- og forslagsrett.

Varamedlemer for sentralstyremedlemer er også varamedlemer for desse til landsstyret. Nestleiarar i fylkeslaga er varamedlemer for fylkesleiarane, om ikkje fylkeslaget har vedteke anna.

Medlemer som er valt til fleire av nemnde verv, møter i det høgast rangerte av 1-4 over. Verv som dermed blir udekkja blir fylt av vararepresentant.

Landsstyret møter minimum to gonger årleg, så ofte som leiar finn det naudsynt eller når minst ¼ av medlemene ber om det. Landsstyret er vedtaksført så sant halvdelen av medlemene møter.

§ 10 Landsmøtet

Landsmøtet er Partiet sentrum sitt øverste organ. Det skal haldast årleg landsmøte og elles når landsstyret ber om det. Landsmøtet blir innkalt av landsstyret med minimum to månader varsel.

Landsmøtet er samansett av

1. Sentralstyret
2. Delegasjonar frå fylkeslaga, etter følgjande fordelingsnøkkel:
 - a. Fylkesleiar og minst 3 delegatar valde på fylkesårsmøtet frå alle fylkeslag
 - b. Ytterlegare 55 delegatar, fordelt etter talet på medlemer i fylkeslaget pr. 1. jan, slik:
Det største fylkeslaget: 10
Det nest største fylkeslaget: 9

- osv. til det nest minste fylkeslaget, som får 1.
3. 11 delegatar frå Unge Sentrum
 4. Stortingsgruppa
 5. Leiar av sametingsgruppa til Partiet Sentrum
 6. 1 delegat frå kvart av dei landsstyreoppnemnde nettverka i partiet (jfr. § 4)

Tilsette i partiet har møterett i landsmøtet, med tale- og forslagsrett i saker som ikkje er politiske. Alle medlemmer i partiet har adgang til landsmøtet, men utan talerett.

Landsmøtet skal:

1. Godkjenna årsmelding
2. I mellomvalår velja
 - a. Leiar og 2 nestleiarar
 - b. 6 medlemmer og 4 varamedlemmer til sentralstyret
 - c. Ekstern revisor
 - d. Kontrollkomite, 2 personar
 - e. Valkomite, 9 personar, som ved neste landsmøte i mellomvalår legg fram forslag til alle val under pkt a-e i dette punkt.
3. Behandla saker som landsstyret eller sentralstyret legg fram.
4. Landsmøte i stortingsvalår vedtek stortingsvalprogram for komande valperiode.
5. Landsmøte i lokalvalår drøftar verdiplattforma til partiet.

Saker som medlemmer eller organ i partiet ønskjer å fremja for landsmøtet må sendast sentralstyret seinast 1 månad før landsmøtet. Sentralstyret innstiller til landsmøtet i slike saker. Saker som er innsende etter fristen kan ikkje behandlast i landsmøtet, med mindre eit fleirtal i sentralstyret eller 2/3 av landsmøtet ønskjer at saka skal behandlast.

Forslag om lovendingar, jfr § 12, og om endringar i verdiplattforma krev 2/3 fleirtal i landsmøtet. Andre vedtak blir gjort med alminneleg fleirtal, om ikkje anna er vedteke.

§ 11 Disiplinærtiltak

Dersom eit medlem av Partiet Sentrum bryt norsk lov, partiet sine vedtekter, vedtekne tillitsavtale, eller andre skriftlege retningslinjer, kan sentralstyret i partiet vedta disiplinære reaksjonar mot vedkomande, med landsstyret som ankeinstans. Desse reaksjonane vil kunna variera, ut frå grad av alvor i brot på lover, reglar eller retningslinjer. Aktuelle reaksjonsformer kan vera kritikkvedtak, suspensjon, eksklusjon og melding til politiet.

Landsstyret skal vedta eigne retningslinjer for disiplinærsaker, inklusive saksbehandling og ankemulighet.

§ 12 Vedtektsendingar

Desse vedtektene kan endrast av landsmøtet med 2/3 fleirtal. Landsstyret skal gje innstilling til framlegg om vedtektsending som skal behandlast på landsmøtet.

§ 13 Oppløysing (§ 13 kan ikkje endrast)

Oppløysing av Partiet Sentrum kan kun behandlast på ordinært årsmøte. Blir oppløysninga vedteken med minst 2/3 fleirtal, blir ekstraordinært årsmøte innkalla 3 månader seinere. For at oppløysning skal skje må vedtaket her gjentakast med 2/3 fleirtal.

Formue skal etter oppløysning og gjeldsinnfriing tilfalla det føremål Partiet Sentrum arbeider for å fremma, ved at den blir gitt til ein ideell organisasjon som årsmøtet bestemmer.

Ingen medlemer har krav på partiet sine midlar eller del av desse.

Desse vedtektene er vedtekne 23.01.21 og sist revidert 08.05.21

Normalvedtekter for fylkeslag i Partiet Sentrum

§ 1 Føremål

Partiet Sentrum byggjer sin politikk på vedtekne menneskerettar og FNs bærekraftsmål. Partiet Sentrum er eit blokkuavhengig og livssynsoppe parti.

§ 2 Medlemskap

Alle som er over 13 år, støttar partiet sitt føremål, sluttar seg til partiet sin vedtekne tillitsavtale og ikkje er medlem i anna parti kan bli medlemmer i Partiet Sentrum.

Medlemskap gjeld frå betalt kontingent og ein har stemmerett i partiet sine organ fire veker etter betalt kontingent. Medlemskap er gyldig så lenge kontingent er betalt og vedkomande ikkje har meldt seg ut. Medlemer som ikkje har betalt kontingent ved utgangen av året vil bli oppfatta som passivt utmelde og medlemskapet vil bli sletta.

Medlemskap blir organisert gjennom lokallaget og fylkeslaget der vedkomande bur. Dersom det ikkje er oppretta lokal- eller fylkeslag i det aktuelle området, blir medlemskapet organisert på nivået over (fylke eller nasjonalt). Eit medlem kan i spesielle tilfelle også søkja sentralstyret om å få vera tilknytta anna lokal- eller fylkeslag enn der vedkomande bur

Medlemskontingent og fordeling av denne mellom ulike ledd i organisasjonen blir vedteke av landsmøtet.

§ 3 Tillitsverv

Det er kun medlemmer i partiet som kan veljast til tillitsverv. Alle tillitsvalde og folkevalde for Partiet Sentrum er forplikta på og skal arbeida for partiet sitt føremål og verdiplattform. Eit medlem kan reservera seg mot enkeltpunkt i verdiplattform eller stortingsvalprogram som går på tvers av eigen overbevisning. Ein slik reservasjon må gjerast gjeldande seinast ein månad etter at programmet er vedteke og vedkomande må orientera nominasjons-/valnemnd om dette før ein aksepterer nominasjon/val. Alle medlemmer i partiet pliktar også å retta seg etter partiet sine vedtekne retningslinjer og tillitsavtale.

Alle organ og utval i partiet skal, så langt som mogeleg, ha maksimalt 50% representasjon av eitt kjønn. Tilsvarande skal ein i partiet sine organ i størst mogeleg grad ta i bruk det mangfaldet som me alle er ein del av i samfunnet.

§ 4 Organisasjon

Fylkeslaget står tilslutta Partiet Sentrum sin nasjonale organisasjon. Fylkeslaget er samansett av alle lokallag i fylket, medlemmer i kommunar utan lokallag og sideorganisasjonen Unge Sentrum i aktuelle fylke.

§ 5 Fylkesårsmøte

Fylkesårsmøtet består av alle medlemmer busette i det aktuelle fylket, inkl. evt. stortingsrepresentant(ar) frå fylket.

(Alternativ ordning:

1. *Fylkesstyret*
2. *Fylkestingsgruppa*
3. *Minimum 1 representant frå kvart lokallagsstyre og 1 representant frå kommunestyregruppa, med tillegg av 1 representant for kvart x medlem og 1 representant per x stemmer (i fylkestingsvalg ???)*
4. *x representantar frå Unge Sentrum*
5. *Stortingsrepresentant(ar) frå fylket)*

Fylkesårsmøtet vedtek sjølv sin forretningsorden. Vedtak i fylkesårsmøtet blir fatta med alminneleg fleirtal av dei frammøtte representantane med røysterett, med unnatak av vedtak om vedtektsendring, som krev 2/3 fleirtal, jfr. § 11.

Fylkesårsmøtet er fylkeslaget sitt øverste organ. Fylkesstyret skal m.a. leggja fram følgjande saker til behandling:

1. Årsmelding, vedlagt rapportar frå fylkestingsgruppa og Unge Sentrum
2. Rekneskap
3. Årsplan med budsjett
4. Val
 - a. Fylkesstyre (leiar, nestleiarar og medlemmer), jfr. § 6
 - b. 5 varamedlemer til fylkesstyret, valde for 1 år
 - c. Valkomite for neste fylkesårsmøte
 - d. Nominasjonskomité, jfr. § 7 (i mellomvalår)
 - e. Programkomite, året før fylkestingsval
 - f. Utsendingar til Partiet Sentrum sitt landsmøte
 - g. Revisor
5. Nominasjonsreglement (i mellomvalår)
6. Program for fylkestingsvalet (i valår)
7. Vedtektsendrings saker og andre saker som er fremma for fylkesstyret seinast 1 månad før fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet skal kallast inn skriftleg med minst 6 veker varsel. Saker som er fremma i rett tid, gjennom organ som i følgje denne paragrafen oppnemner representantar til årsmøtet, har krav på å bli behandla.

Ekstraordinært fylkesårsmøte kan bli innkalt når fylkesstyret finn det nødvendig eller når minst 1/3 av lokallaga (evt medlemene) krev det. Innkalling til ekstraordinært årsmøte skjer på same måte som til vanleg årsmøte.

§ 6 Fylkesstyret

Fylkesstyret er samansett av

1. Fylkesleiar, vald for 2 år, med maksimalt 6 år funksjonstid i same verv
2. Inntil 2 nestleiarar, valde for 2 år, med maksimalt 6 år funksjonstid i same verv
3. 5 styremedlemer, valde for 2 år, med maksimalt 6 år funksjonstid i same verv
4. Gruppeleiar i fylkestinget
5. Leiar av Unge Sentrum sitt fylkeslag

Dei valde varamedlemene blir innkalte ved forfall under pkt 1-3 over. Fylkestingsgruppa og Unge Sentrum vel sine eigne varamedlemer. Dersom fylkesleiar eller ein av nestleiarane fråtrer i perioden, blir den som står nærast vervet konstituert fram til ordinært fylkesårsmøte.

Fylket sin(e) stortingsrepresentant(ar) har møte- og talerett i fylkesstyret.

Fylkesstyret er fylkeslaget sitt øverste organ og leier arbeidet i laget mellom fylkesårsmøta, fram til nytt fylkesstyre er valt. Fylkesstyret skal m.a.

1. Førebu og gjennomføra årsmøte
2. Følgja opp fylkesårsmøtet sine vedtak
3. Ta initiativ til konstituerande møte med fylkestingsgruppa og etablera gode samarbeidsrutiner med denne
4. Halda kontakt med lokallaga og arbeida for aktive lokallag i alle kommunar
5. Sørga for rekneskapsføring og økonomistyring
6. Organisera og gjennomføra fylkeslaget sin valkamp
7. Behandla saker som blir oversende frå sentralstyret

Fylkesstyret har møte så ofte som leiaren finn det nødvendig eller når minst 1/3 av styremedlemene ber om det. Fylkesstyret sine vedtak blir fatta med alminneleg fleirtal og styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades. Ved røystelikkap har leiar dobbeltrøyst.

Fylkesstyret oppnemner dei utval dei finn tenleg for arbeidet. Dersom fylkesstyret oppnemner arbeidsutval, skal dette vera samansett av fylkesleiar, nestleiarar, gruppeleiar og leiar i Unge Sentrum. Leiar og den som fylkesstyret gir mynde til det har signaturrett, kvar for seg.

§ 7 Nominasjon for fylkestings- og stortingsval

Nominasjon til fylkestings- og stortingsval skal gjennomførast etter vedteke nominasjonsreglement. Reglementet blir vedteke på fylkesårsmøtet i mellomvalår.

Fylkesstyret kallar inn til nominasjonsmøte og set møtet. Forslag til valliste blir lagt fram av den årsmøteoppnemnde nominasjonskomiteen.

Endeleg listeforslag blir sett opp i tråd med lovverket, underteikna av to styremedlemer og oversend valstyret innan 31. mars i valåret.

§ 8 Lokallag

Eit lokallag må ha minst tre medlemer. Lokallaget vedtek sine eigne vedtekter og desse må godkjennast av fylkesstyret. §§ 1-3, 5 og 11 i Vedtekter for Partiet Sentrum (svarande til §§ 1-3, 8 og

10 i desse vedtektene) må imidlertid under alle omstende gjelda for alle lokallag. Dersom lokallag ikkje har vedteke egne vedtekter, gjeld normalvedtekter for lokallag i Partiet sentrum, vedtekne av landsstyret.

§ 9 Fylkeslag

Fylkeslaget sine medlemmer er partiet sine medlemmer som er busette i fylket, uavhengig av om dei er medlemmer i eit lokallag. Fylkeslaget vedtek sine egne vedtekter og desse må godkjennast av sentralstyret. §§ 1-3, 5, 6 og 11 i Vedtekter for Partiet Sentrum (svarande til §§ 1-3 og 8-10 i desse vedtektene) må imidlertid under alle omstende gjelda for alle fylkeslag. Dersom fylkeslag ikkje har vedteke egne vedtekter, gjeld normalvedtekter for fylkeslag i Partiet Sentrum, vedtekne av landsstyret. Fylkeslaget kan vedta egne reglar for representasjon frå lokallaga til fylkesårsmøte og nominasjonsmøte, i tillegg til ordningar for nominasjonsprosessar.

§ 10 Disiplinærtiltak

Dersom eit medlem av Partiet Sentrum bryt norsk lov, partiet sine vedtekter, vedtekne tillitsavtale, eller andre skriftlege retningslinjer, kan sentralstyret i partiet vedta disiplinære reaksjonar mot vedkomande, med landsstyret som ankeinstans. Desse reaksjonane vil kunna variera, ut frå grad av alvor i brot på lover, reglar eller retningslinjer. Aktuelle reaksjonsformer kan vera kritikkvedtak, suspensjon, eksklusjon og melding til politiet.

Landsstyret skal vedta egne retningslinjer for disiplinærsaker, inklusive saksbehandling og ankemulighet.

§ 11 Vedtektsendring

Desse vedtektene kan, med unnatak av §§ 1-3 og 8-10, endrast av årsmøtet når minst 2/3 av dei røysteføre i årsmøtet stemmer for eit forslag som er fremma innan dei fristar som er fastsette i § 5. Vedtektsendingane må vera godkjende i sentralstyret før dei kan tre i kraft.

§ 12 Oppløysing

Forslag om oppløysing av eit fylkeslag skal behandlast på eit årsmøte. Dersom forslaget får 2/3 fleirtal blir det sendt til sentralstyret for uttale. Endeleg vedtak om oppløysing må, for å vera gyldig, bli vedteke med 2/3 fleirtal på neste årsmøte. Dersom eit lag blir oppløyst, skal laget sin formue, eigedomsrettar, arkiv og anna ovesendast neste organisasjonsledd. Alle verdiar skal stå urørt i 5 år, i tilfelle laget blir starta opp att. Om ikkje nytt fylkeslag blir starta, vedtek sentralstyret korleis midlane skal nyttast. Dersom eit fylkeslag er uvirksomt i meir enn 1 år, kan sentralstyret konstituera nytt styre, evt. oppløysa laget.

Desse vedtektene er første gong vedtekne (dato) og sist revidert (dato).

VEDLEGG 2

Normalvedtekter for lokallag i Partiet Sentrum

§ 1 Føremål

Partiet Sentrum byggjer sin politikk på vedtekne menneskerettar og FN's bærekraftsmål. Partiet Sentrum er eit blokkuavhengig og livssynsoppe parti.

§ 2 Medlemskap

Alle som er over 13 år, støttar partiet sitt føremål, sluttar seg til partiet sin vedtekne tillitsavtale og ikkje er medlem i anna parti kan bli medlemmer i Partiet Sentrum.

Medlemskap gjeld frå betalt kontingent og ein har stemmerett i partiet sine organ fire veker etter betalt kontingent. Medlemskap er gyldig så lenge kontingent er betalt og vedkomande ikkje har meldt seg ut. Medlemer som ikkje har betalt kontingent ved utgangen av året vil bli oppfatta som passivt utmelde og medlemskapet vil bli sletta.

Medlemskap blir organisert gjennom lokallaget og fylkeslaget der vedkomande bur. Dersom det ikkje er oppretta lokal- eller fylkeslag i det aktuelle området, blir medlemskapet organisert på nivået over (fylke eller nasjonalt). Eit medlem kan i spesielle tilfelle også søkja sentralstyret om å få vera tilknytta anna lokal- eller fylkeslag enn der vedkomande bur

Medlemskontingent og fordeling av denne mellom ulike ledd i organisasjonen blir vedteke av landsmøtet.

§ 3 Tillitsverv

Det er kun medlemmer i partiet som kan veljast til tillitsverv. Alle tillitsvalde og folkevalde for Partiet Sentrum er forplikta på og skal arbeida for partiet sitt føremål og verdiplattform. Eit medlem kan reservera seg mot enkeltpunkt i verdiplattform eller stortingsvalprogram som går på tvers av eigen overbevisning. Ein slik reservasjon må gjerast gjeldande seinast ein månad etter at programmet er vedteke og vedkomande må orientera nominasjons-/valnemnd om dette før ein aksepterer nominasjon/val. Alle medlemmer i partiet pliktar også å retta seg etter partiet sine vedtekne retningslinjer og tillitsavtale.

Alle organ og utval i partiet skal, så langt som mogeleg, ha maksimalt 60% representasjon av eitt kjønn. Tilsvarande skal ein i partiet sine organ i størst mogeleg grad ta i bruk det mangfaldet som me alle er ein del av i samfunnet.

§ 4 Organisasjon

Lokallaget står tilslutta fylkeslag av Partiet Sentrum. Laget er samansett av alle medlemmer som er busette i kommunen, inklusive medlemene i Unge Sentrum. I store kommunar og byar kan lokallagsstyret oppretta arbeidsgrupper i grender/bydelar, med instruks frå lokallagsstyret.

§ 5 Årsmøte

Alle medlemmer som er busett i kommunen, har vore medlem i minst 4 veker og har betalt forfalt kontingent har møterett på lokallaget sitt årsmøte. Dette inkluderer medlemmer av Unge sentrum og evt. medlemmer som har fått innvilga søknad om å vera tilknytta dette lokallaget, jfr § 2.

Årsmøtet er lokallaget sitt øverste organ og det skal innkallast med minst 6 veker varsel.

Årsmøtet skal m.a. behandla følgjande saker:

1. Årsmelding, vedlagt rapport frå kommunestyregruppa og Unge Sentrum
2. Rekneskap, med oversikt over all offentleg støtte
3. Årsplan med budsjett
4. Kommuneprogram (i valår)
5. Nominasjonsreglement (i mellomvalår før kommuneval)
6. Val
 - a. Styre, med leiar, nestleiar, styremedlemer og varamedlemer (jfr § 6)
 - b. Valkomite til neste årsmøte
 - c. Nominasjonskomité (i mellomvalår før kommunestyreval)
 - d. Programkomite (i mellomvalår før kommunestyreval)
 - e. Utsendingar til Partiet Sentrum sitt fylkesårsmøte, dersom fylkeslaget sine lover krev det
 - f. Utsendingar til fylkeslaget sitt nominasjonsmøte
 - g. Revisor
7. Forslag om vedtektsendingar og andre forslag som er fremma for styret seinast 1 mnd før årsmøtet

Vedtak i årsmøtet blir fatta med alminneleg fleirtal, med unntak av vedtak om vedtektsending, som krev 2/3 fleirtal, jfr. § 10.

§ 6 Styret

Lokallagsstyret er samansett av

1. Leiar, vald for 2 år
2. Nestleiar(ar), valde for 2 år,
3. 1-5 styremedlemer, valde for 2 år
4. Gruppeleiar i kommunestyret
5. Evt leiar av Unge Sentrum sitt lokallag

Styret er ansvarlege overfor årsmøtet og leier arbeidet i laget mellom årsmøta, fram til nytt styre er valt. Styret kan kalla inn til ekstraordinært årsmøte når dei finn det nødvendig eller når minst 1/3 av medlemene ber om det.

Styret har møte så ofte som leiar finn det nødvendig eller når minst to av styremedlemene ber om det. Styret gjer sine vedtak med alminneleg fleirtal og styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Ved røysteliskap har leiar dobbeltrøyst.

Styret skal m.a.

1. Førebu og gjennomføra årsmøte
2. Følgja opp årsmøtet sine vedtak
3. Ta initiativ til konstituerande møte med kommunestyregruppa og etablera gode samarbeidsrutiner med denne
8. Halda kontakt med medlemene og stimulera til medlemsinvolvering, samt medverka til politisk debatt generelt
9. Organisera og gjennomføra lokallaget sin valkamp
10. Behandla saker som blir oversende frå fylkesstyret og landspartiet

Det skal førast protokoll frå styremøta. Like etter årsmøtet skal det sendast årsrapport til fylkeslaget.

§ 7 Nominasjon

Nominasjon til kommuneval skal gjennomførast etter vedteke nominasjonsreglement. Reglementet blir vedteke på årsmøtet i mellomvalår.

Lokallagsstyret kallar inn til nominasjonsmøte og set møtet. Alle medlemmer som er busett i kommunen, har vore medlem i minst 4 veker og har betalt forfalt kontingent har møterett på lokallaget sitt nominasjonsmøte. Forslag til valliste blir lagt fram av den årsmøteoppnemnde nominasjonskomiteen.

Endeleg listeforslag blir sett opp i tråd med lovverket, underteikna av to styremedlemer og oversend valstyret innan 31. mars i valåret.

§ 8 Lokallag

Eit lokallag må ha minst tre medlemmer. Lokallaget vedtek sine egne vedtekter og desse må godkjennast av fylkesstyret. §§ 1-3, 5 og 11 i Vedtekter for Partiet Sentrum (svarande til §§ 1-3, 8 og 9 i desse vedtektene) må imidlertid under alle omstende gjelda for alle lokallag. Dersom lokallag ikkje har vedteke egne vedtekter, gjeld normalvedtekter for lokallag i Partiet Sentrum, vedtekne av landsstyret.

§ 9 Disiplinærtiltak

Dersom eit medlem av Partiet Sentrum bryt norsk lov, partiet sine vedtekter, vedtekne tillitsavtale, eller andre skriftlege retningslinjer, kan sentralstyret i partiet vedta disiplinære reaksjonar mot vedkomande, med landsstyret som ankeinstans. Desse reaksjonane vil kunna variera, ut frå grad av alvor i brot på lover, reglar eller retningslinjer. Aktuelle reaksjonsformer kan vera kritikkvedtak, suspensjon, eksklusjon og melding til politiet.

Landsstyret skal vedta egne retningslinjer for disiplinærsaker, inklusive saksbehandling og ankemulighet.

§ 10 Vedtektsendring

Desse vedtektene kan, med unnatak av §§ 1-3, 8 og 9, endrast av årsmøtet når minst 2/3 av dei røysteføre i årsmøtet stemmer for eit forslag som er fremma innan dei fristar som er fastsette i § 5. Lovendringane må vera godkjende i fylkesstyret før dei kan tre i kraft.

§ 11 Oppløysing

Forslag om oppløysing av eit lokallag skal behandlast på eit årsmøte. Dersom forslaget får 2/3 fleirtal blir det sendt til fylkeslaget for uttale. Endeleg vedtak om oppløysing må, for å vera gyldig, bli vedteke med 2/3 fleirtal på neste årsmøte. Dersom eit lag blir oppløyst, skal laget sin formue, eigedomsrettar, arkiv og anna ovesendast neste organisasjonsledd. Alle verdiar skal stå urørt i 5 år, i tilfelle laget blir starta opp att. Om ikkje nytt lokallag blir starta, vedtek fylkesstyret korleis midlane skal nyttast. Dersom eit lokallag er uvirksomt i meir enn 1 år, kan fylkeslaget eller landspartiet konstituera nytt styre, evt. oppløysa laget.

Desse vedtektene er første gong vedtekne (dato) og sist revidert (dato).